

Elisabeth Bergsagel Garpestad  
Mari-Anne Vold  
Jonas Egeland Reime  
Silje Taksdal  
Stig Hobberstad  
Kari Engedal Stokka  
Tron-Arild Grødem



Nærbø 29.04.2026

**Forfall:**  
Turid Boganes

## **Referat frå FAU møte 28.04.2026.**

**07/26 Godkjenning av innkalling og saksliste**  
Innkallinga og sakslista godkjent utan merknader.

**08/26 Godkjenning av referatet frå møtet 10.02.2026.**  
Referatet er godkjent utan merknader.

På FAU møtet 02.12.25 og på FAU møte 10.02.26 snakka ein om UNG Data undersøkinga som elevane var med på hausten 2025.

FAU etterlyste at Hå kommune seier noko om:

- Positive og negative trendar
- Utfordringar
- Tiltak
- Nøkkelpunkt i rapporten.»

Hå kommune har ikkje laga ein slik rapport – men leiar i Ungdomsrådet i Hå har laga ei presentasjon som vart lagt for kommunestyret i Hå.

FAU på Tryggheim ungdomsskule opplever at Hå kommune er passive i denne saka. Har dei ingen tankar om kva dei tenkjer

og kva ein bør gjera i samband med dei utfordringar som kom fram i undersøkinga? Det kjem fram flotte tal i undersøkinga, men kva med dei som ikkje opplever det like positivt som det som det store fleirtalet av elevane svarer. Kva tenkjer kommunen om dei?

**09/26      Generell informasjon + tilbakemelding frå styremøte  
10.03.26.**

- Fridag for elevane 30.april
- 13.mai Misjonsløp.
- Onsdag 13.mai. Elevane på 10.trinn får veta kva fag dei kjem opp i til skriftleg eksamen. Alle elevar kjem opp i anten matematikk, engelsk eller norsk.  
Eksamensdagane er 20, 21, 22 og 26 mai.
- Alle elevar som høyrer til i Nærbø soknet går i 17.mai toget.
- 08 – 12. juni. Arbeidsveke for 9.trinn.
- 5.juni. Munnleg eksamen for 10.trinn.
- 08.juni. Avslutningsfest for 10.trinn
- 09.juni. Bli kjent kveld for 8.trinn 2026- 2027. (Same dag for NUS og Tryggheim ungdomsskule.)
- 18. juni. Avslutning for 8. og 9. trinn.
- Tryggheim ungdomsskule stilte med fleire elevbedrifter på Regionsmesterskap for elevbedrifter i Stavanger. Elevbedrifta:
  - «Den Lille Syltaren» fekk 2 fyrste plassar. Dei fekk både Bærekraftprisen og Matgledeprisen.
  - «Lysglede» fekk 1.plassen for Beste Team.

**Personalet:**

- Skuleåret 2026 - 2027 år skal desse ha permisjon:
  - Herman Kverme fram til jul 2026.

- Håkon Haugland
- Dorthea Eriksen
- Johanna Persson
- Tilbake frå permisjon:
  - Bodil Jakobsen
- Sluttar:
  - Vilde Aarrestad

Frå Styremøte 10.03.26.

- Tryggheim vidaregåande skule har inngått ein leigeavtale med MG Link AS om leige av internatmodul. Det er leige av møblert internatmodul med plass til 40 einerom.
- Skulestyret vedtok investering i nytt undervisningsbygg

## **10/26 Valordning for FAU 2026-2027.**

**Foreldremøta** for trinna 2026- 2027 blir arrangert:

- 10.trinn 2026-2027 7.september klokka 19.00
- 9.trinn 2026- 2027 8.september klokka 19.00
- 8. trinn 2026- 2027 9.september klokka 19.00

FAU representantane sitt ansvar med å skaffa nye kandidatar til FAU 2026 – 2027.

- FAU representantane for 8.trinn 2025-2026 har ansvar for å skaffa ein ny representant som skal sitja i 2 år og ein ny vararepresentant som skal sitja 1 år
- FAU representantane for 9.trinn 2025-2026 har ansvar for å skaffa ein representant som skal sitja 1 år og ein vararepresentant som skal sitja 1 år.

Vala til FAU blir gjort på foreldremøte til hausten

Referent: Tron- Arild Grødem